



Jobbnorge-ID: 121730

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Avdelingsingeniør vikariat (kode 1085) ved Sarssenteret

Ved Sarssenteret er det ledig eit vikariat som avdelingsingeniør (kode 1085) frå april 2016 til august 2017 i forskningsgruppa leia av Dr. Eric Thompson. Det er moglegheit for ein forlenging utover den opphavlege tilsettingsperioden dersom personen som no innehar stillinga vel å forlenge sin permisjon. Arbeid i gruppa dreier seg om chromatin og cellesyklusdynamikk i utviklingsbiologien til ein marin tunicate. Sars internasjonale senter høyrer til Universitetet i Bergen og er partner med The European Molecular Biology Laboratory (EMBL) (www.embl.de/).

Arbeidsoppgåver:

Stillinga inneber tekniske og forskingsrelaterte støttfunksjonar til gruppa si forskning, og den som vert tilsett vil bli lært opp av, og arbeide nært med, gruppeleiar og dei andre medlemmene i forskningsgruppa. Hovudoppgåvene vil omfatta molekylærbiologisk og biokjemisk arbeid, confocal mikroskopering, mikroinjeksjonar og mikro-disseksjonar og animalisk kultur. Til stillinga ligg og oppgåver knytt til daglig drift av laboratoriet sitt utstyr, forbruksmateriell, innkjøp og HMS-funksjonar. Assistanse i opplæring av nye studentar kan og bli nødvendig.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må minimum ha ingeniørutdanning på bachelorgradsnivå innanfor relevant fagområde. Lang, relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan kompensere for manglande formell utdanning.
- Forutgåande erfaring i molekylær-, celle- og utviklingsbiologiske teknikkar er ønskeleg.
- Søkjar må kunne kommunisere flytande (munnleg og skriftleg) på engelsk. Det vil være et føremon med tilsvarende kjennskap til norsk.

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø i eit internasjonalt anerkjent forskingsmiljø.
- Løn i lønnssteg 43-52 kode 1085, lønsramme 22, etter tenesteansiennitet og kvalifikasjonar. For særskilt kvalifiserte søkarar kan det vurderast høgare løn.
- Medlem i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Søknad på engelsk eller norsk:

Send søknad elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Søknaden skal innehalde:

- Søknadsbrev der du seier noko om din motivasjon for stillinga, kvifor du søker og kvifor du passar til stillinga
- Oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)
- Attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar
- To referansar (namn og kontaktinformasjon)

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen.

Søknader på e-post vil ikkje verte vurderte.

Søknadsfrist: 29 februar 2016

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til gruppeleiar Eric Thompson, tel +47 55 58 43 46, e-post: eric.thompson@uib.no.

UiB er ein organisasjon som i særleg grad må vere tilpassingsdyktig til endringar i omgivnadene. Den som vert tilsett må difor vere førebudd på at arbeidsoppgåvene kan bli endra.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med innvandringsbakgrunn. Personar med innvandringsbakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir tatt til følgje, skal søkjaren varsast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: